

# **RAPPORT OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE 1997–2000**

## **NORSK SPRÅKRÅD**

### **Innhald**

#### **1 Innleiing**

#### **2 Utviklingstendensar 1994–2000**

#### **3 Målbruken i perioden 1997–2000**

##### **3.1 Rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.**

##### **3.2 Nettsider**

##### **3.3 Skjema**

##### **3.4 Saker som er vidaresende til Kulturdepartementet**

#### **4 Målbruken i dei einskilde statsorgana**

##### **4.1 Statsorgan med meir enn 25 % nynorsk i 2000**

##### **4.2 Statsorgan som ikkje har hatt 25 % nynorsk noko år i tida 1997–2000**

##### **4.3 Målbruken ved universiteta og dei statlege høgskulane**

##### **4.4 Målbruken i direktorat og større statsorgan**

#### **5 Nynorskkompetansen i statsorgana**

### **Vedlegg**

**Norsk språkråd, mai 2001**

## **RAPPORT OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE 1997–2000 FRÅ NORSK SPRÅKRÅD**

### **1 Innleiing**

Norsk språkråd har frå og med 1994 ansvar for rettleiing og tilsyn i samband med lov om målbruk i offentleg teneste når det gjeld statsorgan under departementsnivå. Oppgåvene vart overførte til Språkrådet ved brev frå Kulturdepartementet 20.12.1993. Språkrådet sitt arbeid omfattar m.a.:

- munnleg og skriftleg informasjon om målbruksreglane
- praktiske råd om korleis måljamstillingsarbeidet bør leggjast opp i dei enkelte statsorgana
- svar på spørsmål om regelverket
- innhenting og samanstilling av opplysningar om den faktiske målbruken i statsorgan frå direktoratsnivå og nedover
- oppfølging av brot på mållova

Ved sida av innhenting av årlege målbruksrapportar og tilbakemeldingar på rapportane har arbeidet i perioden 1997–2000 særleg omfatta hjelp med å etablere rutinar (interne reglar) for veksling mellom bokmål og nynorsk i dei sentrale statsorgana, informasjon om målbruksreglane gjennom ymse trykksaker, rådgjeving og svar på spørsmål på telefon eller e-post, og tiltak for å stimulere fleire til å ta kurs i nynorsk forvaltningspråk. Språkrådet har vidare hjelpt til med å finne fram til språkkonsulentar.

Hjelpemiddel som har vore utvikla i perioden 1997–2000, er m.a. ein ”målvettpakat” med ei kortfatta oppsummering av dei viktigaste målbruksreglane, og ein kombinert faldar/innlegg til tidsplanleggjar med reglar, praktiske råd, eksempel og oversyn over hjelpemiddel. Det har også vore spreidd informasjon om målbruksreglane til regionale og lokale statsorgan, mellom anna gjennom rundskriv og målvettpakatar for desse organa.

I 2000 vart det gjennomført ei kartlegging av nynorskkompetansen i statsorgana, og frå og med 2001 blir det delt ut ein ”målvettpreis” til statsorgan som har gjort ein særleg god innsats for å følge opp målbruksreglane.

Statsorgan som ikkje oppfyller krava, får beskjed om innan ein bestemt frist å etablere betre rutinar for veksling mellom målformene og får råd om korleis det kan gjerast. Ved grove brot på målbruksreglane har ein del av sakene vorte sende over til Kulturdepartementet, slik at Kulturdepartementet kan ta sakene opp med det aktuelle fagdepartementet og be departementet instruere statsorganet om å gjennomføre dei tiltaka som trengst.

Dei årlege målbruksrapportane gjeld tilfang som kjem inn under § 8 første ledd første og andre punktum, dvs. ”rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.” Rapportane skil mellom tilfang på 1–10 sider og tilfang på over 10 sider. I tilfang på 1–10 sider blir talet på einingar rekna (pressemeldingar, lysingar, rundskriv, brosjyrar osb.), i tilfang på over 10 sider reknar ein sidetal i publikasjonane. Nettsider er skilde ut som eigen kategori. Rapporteringa omfattar også skjema, som kjem inn under § 8 fjerde ledd i lova.

Sidan 1997 har rapportskjemaet blitt sendt ut ved byrjinga av rapportåret. Skjemaet er todelt – ein del til intern bruk som styringsinstrument for statsorganet gjennom rapportåret, den andre delen er sjølv rapportskjemaet, som skal sendast Norsk språkråd seinast 31. januar etter rapportåret. Skjemaet har sidan 1997 vore tilgjengelege både på papir og som elektroniske rekneark.


Det er i perioden 1997–2000 sendt ut 27 rundskriv til sentrale statsorgan i samband med mållova (medrekna utsending av rapportskjema og påminning om rapportfristen). I tillegg har det kvart år vore gjeve individuell tilbakemelding på målbruksrapportane til kvart enkelt statsorgan. Vidare har det vore sendt om lag 10–12 rundskriv til regionale og lokale statsorgan.

## 2 Utviklingstendensar 1994–2000


Arbeidsoppgåver i samband med mållova vart overførte til Norsk språkråd i brev frå Kulturdepartementet 20.12.1993. Arbeidet i Språkrådet tok til hausten 1994.

I 1994 var det 5 av 101 statsorgan som hadde 25 % nynorsk eller meir i kategorien ”mindre tekstar”, 6 statsorgan hadde 25 % nynorsk eller meir i kategorien ”større tekstar”. Tala auka til respektive 20 og 12 i 1995. I 2000 var det 39 av 144 statsorgan som oppfylte dette kravet når det gjaldt tilfang på 1–10 sider, og 25 statsorgan når det gjaldt tilfang på over 10 sider.

I 1994 hadde statsorgana gjennomsnittleg 10 % nynorsk i kategorien ”mindre tekstar” og 7 % nynorsk i kategorien ”større tekstar”. Prosenttala auka til respektive 9 og 15 i 1995. I 2000 var det i gjennomsnitt 22 % nynorsk i tilfang på 1–10 sider og 14 % nynorsk i tilfang på over 10 sider. Prosenttala er rekna på grunnlag av talet på respondentar.



*Statsorgan med 25 % nynorsk eller meir – absolutte tal 1994–2000*



Gjennomsnittleg prosent nynorsk 1994–2000

### 3 Målbruken i perioden 1997–2000

#### 3.1 Rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.

##### Tal statsorgan med 25 % nynorsk eller meir i tilfang på 1–10 sider og tilfang på over 10 sider

År	1–10 sider	Over 10 sider	Respondentar	Tal organ
1997	28	17	113	197
1998	31	15	104	222
1999	41	23	136	217
2000	39	25	144	223


I 1997 leverte 113 statsorgan rapport, i 1998 var talet 104, og i 1999 og 2000 var det respektive 136 og 144 statsorgan som leverte rapport om målbruken.

I 1997 var det 27 statsorgan som hadde 25 % nynorsk eller meir i tilfang på 1–10 sider. 17 statsorgan hadde 25 % nynorsk eller meir i tilfang på over 10 sider. I gjennomsnitt hadde statsorganane 27 % nynorsk i tilfang på 1–10 sider og 12 % nynorsk i tilfang på over 10 sider.


I 1998 hadde 31 statsorgan 25 % nynorsk eller meir i tilfang på 1–10 sider, og i 1999 hadde talet stige til 41. Når det gjeld tilfang på over 10 sider, var det i 1998 15 statsorgan som hadde 25 % eller meir nynorsk, for 1999 hadde talet auka til 23.

I 2000 var det 39 statsorgan som hadde 25 % nynorsk eller meir i tilfang på 1–10 sider. Når det gjeld tilfang på over 10 sider, hadde 25 statsorgan 25 % nynorsk eller meir. Gjennomsnittleg prosent nynorsk var 22 i tilfang på 1–10 sider og 14 i tilfang på over 10 sider.

Utviklinga frå 1997 til 2000 viser såleis ein viss framgang når det gjeld talet på statsorgan som oppfyller kravet om at ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 % i ”rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.” Det er likevel svært mange statsorgan som bryt målbruksreglane, og ein god del av desse statsorganane har gjort lite eller ingenting for å oppfylle dei krava som lova og forskriftene til lova stiller.



Statsorgan med over 25 % nynorsk – absolutte tal



Gjennomsnittleg prosent nynorsk

	Institu- sjonar	Svar	1–10 sider		Over 10 sider	
			% nyn.	Over 25 %	% nyn.	Over 25 %
<b>AAD</b>	7	5	24,5	2	1,6	0
<b>BFD</b>	9	7	17,4	1	1,2	0
<b>FD</b>	35	7	0,0	0	0,0	0
<b>FID</b>	3	3	37,7	3	11,3	0
<b>FIN</b>	7	5	24,1	1	8,2	0
<b>JD</b>	13	12	23,0	4	3,0	1
<b>KRD</b>	10	9	33,8	3	13,1	1
<b>KD</b>	21	20	22,2	8	14,5	5
<b>KUF</b>	65	37	22,5	8	19,1	11
<b>LD</b>	12	9	26,4	2	17,8	3
<b>MD</b>	7	6	15,5	2	0,0	0
<b>NHD</b>	9	5	23,7	2	42,6	2
<b>OED</b>	2	1	62,3	1	12,4	0

<b>SD</b>	7	5	6,3	0	1,2	0
<b>SHD</b>	15	12	14,9	2	10,4	2
<b>UD</b>	1	1	0,0		0,0	
<b>Sum</b>	<b>223</b>	<b>144</b>	<b>22,4</b>	<b>39</b>	<b>13,5</b>	<b>25</b>

*Statsorgan ordna etter departement. Gjennomsnittleg nynorskprosent 2000, tal statsorgan med 25 % nynorsk eller meir.*

### 3.2 Nettsider

Dei siste åra har det vore lagt særskild vekt på å auke nynorskprosenten i nettsider. Internett spelar ei stadig viktigare rolle i informasjonsformidling, og publisering på nettet er både billig og raskt i høve til publisering på papir. Dermed er det også på kort tid lettare å rette opp veikskapar i målfordelinga.

For rapportåret 2000 var det 83 statsorgan som oppgav nettsider i rapportane. 19 av desse, dvs. 23 %, hadde meir enn 25 % nynorsk i nettsidene.

	Rapportar	Over 25 %
AAD	3	2
BFD	2	1
FD	0	0
FID	2	0
FIN	0	0
JD	5	3
KRD	7	1
KD	14	5
KUF	26	5
LD	6	1
MD	3	0
OED/NHD	6	1
SD	3	0
SHD	5	0
UD	1	0
<b>Sum</b>	<b>83</b>	<b>19</b>

*Statsorgan ordna etter departement. Organ som rapporterte nettsider i 2000, og organ som hadde meir enn 25 % nynorsk i nettsidene.*

### 3.3 Skjema

Skjema skal etter § 6 liggje føre og vere tilgjengelege på begge målformer. I 2000 vart det rapportert til saman 2481 skjema. 1355 låg føre på begge målformer. 1190 fanst berre på bokmål, 136 fanst berre på nynorsk.

Nokre statsorgan bryt reglane grovt. Politiets datateneste rapporterte såleis 864 skjema i 2000, av desse fanst 685 berre på bokmål. Statens næringsmiddeltilsyn rapporterte 74 skjema, alle

fanst berre på bokmål. Statens landbruksforvaltning rapporterte 40 skjema, av desse fanst 36 berre på bokmål.

#### Skjema – grove brot på målsbruksreglane i 2000

Institusjon	Berre bm.	Berre nyn.	Begge
Skattedirektoratet	41		179
Politiets datateneste	685		179
Statens landbruksforvaltning	36		4
Statens næringsmiddelkontroll	74		
Høgskolen i Ålesund	12		
Høgskolen i Bergen	18		
Høgskolen i Lillehammer	8		10
Høgskolen i Narvik	10		5
Høgskolen i Nesna	8	2	
Høgskolen i Vestfold	18	2	1
Høgskolen i Volda	1	35	9
Høgskolen i Østfold	alle		
Noregs handelshøgskole	6		
NTNU	22		20
Direktoratet for naturforvaltning	10	2	8

Den nye, førehandsutfylte sjølvmeldinga frå Skattedirektoratet manglar rubrikk for avkryssing dersom ein ønskjer sjølvmeldinga på den andre målforma.

#### 3.4 Saker som er vidaresende til Kulturdepartementet

Nokre statsorgan har brote mållova grovt, har late vere å levere rapport om målbruken eller har ikkje følgt opp pålegg om å etablere rutinar som sikrar at målsbruksreglane blir følgde. Norsk språkråd har i tida 1999–2000 sendt ein del slike saker over til Kulturdepartementet og har bedd Kulturdepartementet ta sakene opp med det aktuelle fagdepartementet slik at fagdepartementet kan instruere statsorganet om å følgje målsbruksreglane. Sakene gjeld desse statsorgana:

Forbrukarrådet  
 Garantiinstituttet for eksportkreditt  
 Høgskolen i Akershus  
 Høgskolen i Bodø  
 Høgskolen i Finnmark  
 Høgskolen i Gjøvik  
 Høgskolen i Harstad  
 Høgskolen i Lillehammer  
 Høgskolen i Molde  
 Høgskolen i Narvik  
 Høgskolen i Sogn og Fjordane  
 Høgskolen i Sør-Trøndelag  
 Høgskolen i Vestfold  
 Høgskolen i Østfold  
 Høgskolen i Ålesund  
 Kompetansesenter for likestilling  
 Kyrkjerådet

Museet for samtidskunst  
 Nasjonalt læremiddelsenter  
 Noregs landbrukshøgskole  
 Riksbibliotektenesta  
 Rusmiddeldirektoratet  
 Statens forvaltningsteneste

Det er enno ikkje klart kor mange saker som blir sende over til Kulturdepartementet i 2001.

#### 4 Målbruken i dei enskilde statsorgana

##### 4.1 Statsorgan med meir enn 25 % nynorsk i 2000

I 2000 hadde desse statsorgana 25 % nynorsk eller meir i tilfang i den eine eller begge kategoriene tilfang (1–10 sider og over 10 sider):

##### Statsorgan med meir enn 25 % nynorsk

Statsorgan	1–10 s.	Over 10 s.
A/S Vinmonopolet		X
Arbeidstilsynet	X	
Bunad- og folkedraktrådet	X	
Eigarskapstilsynet	X	X
Fiskeridirektoratet	X	
Fond for lyd og bilete	X	
Forbrukarrådet	X	
Giftinformasjonssentralen	X	
Havforskningsinstituttet	X	
Husbanken	X	
Høgskolen i Bodø		X
Høgskolen i Harstad	X	
Høgskolen i Lillehammer		X
Høgskolen i Nesna	X	X
Høgskolen i Stavanger		X
Høgskolen i Telemark		X
Høgskolen i Volda	X	X
Høgskolen Stord/Haugesund	X	X
Høgsterett	X	X
Justervesenet	X	X
Kunsthøgskolen i Bergen		X
Kystdirektoratet	X	
Læringssenteret		X
Nasjonalgalleriet		X
Noregsnettrådet	X	X
Norsk institutt for jord- og skogforskning		X
Norsk kulturråd		X
Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek	X	
Norsk museumsutvikling		X
Norsk polarinstitutt	X	
NOVA (Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring)	X	
Oljedirektoratet	X	



Politi­høgskolen	x	
Produkt- og elektrisitetstilsynet		x
Regjeringsadvokaten	x	
Riksutstillingar	x	
Skipsregistera	x	x
Statens bibliotektilsyn	x	
Statens dyre­helsetilsyn	x	
Statens helseundersøkingar		x
Statens informasjonsteneste	x	
Statens kultur­minneråd	x	
Statens landbrukstilsyn		x
Statens medieforvaltning	x	x
Statens næringsmiddelkontroll	x	
Statens pensjonskasse	x	
Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet	x	
Statistisk sentralbyrå	x	
Statleg spesialpedagogisk støttesystem	x	
Universitetet i Bergen	x	x
Utlendingsdirektoratet	x	
Utsmykkingsfondet for offentlege bygg	x	
Veterinærinstituttet		x
Økokrim	x	

Merknad: x = 25 % nynorsk eller meir i denne kategorien.

10 statsorgan hadde 25 % nynorsk eller meir i begge kategoriane. Eitt statsorgan hadde mindre enn 25 % bokmål i begge kategoriane.

#### 4.2 Statsorgan som ikkje har hatt 25 % nynorsk noko år i tida 1997–2000

##### Statsorgan som ikkje har hatt over 25 % nynorsk noko år i tida 1997--2000

Statsorgan	1--10 s.	Over 10 s.
Arbeidsdirektoratet (Aetat)	x	x
Arbeidsforskningsinstituttet		x
Arbeidsretten	x	x
Arbeidstilsynet		x
Arkitekt­høgskolen i Oslo	x	x
Barneombodet	x	x
Bergvesenet		x
Bioteknologinemnda (frå 2000)	x	x
Brønnøysundregistra	x	x
Datatilsynet	x	x
Den norske UNESCO-kommisjonen	x	
Det norske meteorologiske institutt		x
Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern	x	x
Direktoratet for sivil beredskap	x	x
Direktoratet for naturforvaltning		x
Fiskeridirektoratet		x
Forbrukarombodet (frå 1999)		
Forbrukarrådet		x

Forbrukartvistutvalet og marknadsrådet	x	x
Forsvarets overkommando	x	x
FUG (Foreldreutvalet for grunnskolen)	x	
Garantiinstituttet for eksportkreditt		x
Havforskningsinstituttet		x
Høgskolen i Ålesund	x	x
Høgskolen i Agder		x
Høgskolen i Akershus	x	x
Høgskolen i Bergen		x
Høgskolen i Bodø	x	
Høgskolen i Buskerud	x	x
Høgskolen i Finnmark	x	x
Høgskolen i Gjøvik	x	x
Høgskolen i Harstad		x
Høgskolen i Hedmark	x	x
Høgskolen i Lillehammer	x	
Høgskolen i Molde	x	x
Høgskolen i Narvik	x	x
Høgskolen i Nord-Trøndelag		x
Høgskolen i Oslo	x	x
Høgskolen i Sør-Trøndelag		x
Høgskolen i Tromsø		x
Høgskolen i Vestfold	x	x
Høgskolen i Østfold	x	x
Instituttgruppa for samfunnsforskning	x	x
Jernbaneverket	x	x
Kompetansesenter for likestilling	x	x
Konkurransetilsynet	x	x
Kredittilsynet	x	x
Kriminalpolitisentralen	x	x
Kunsthøgskolen i Oslo		x
Kyrkerådet	x	x
Kystdirektoratet		x
Luftfartstilsynet (frå 2000)		x
Museet for samtidskunst	x	x
Nasjonalbibliotekaren	x	x
Nasjonalgalleriet	x	
NFU (Norsk fjernundervisning)	x	
NGU (Noregs geologiske undersøkingar)	x	x
NLS (Nasjonalt læremiddelsenter)	x	x
NORAD (Direktoratet for utviklingssamarbeid)	x	x
Noregs forskingsråd	x	
Noregs idrettshøgskole	x	x
Noregs landbrukshøgskole	x	x
Noregs musikkhøgskole	x	x
Noregs veterinærhøgskole	x	x
Norsk filminstitutt	x	x
Norsk institutt for skogforskning	x	x
Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning		x
Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek		x
Norsk museumsutvikling	x	

NOVA (Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring)		X
NTNU (Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet)	X	X
NUPI (Norsk utanrikspolitisk institutt)	X	X
NVE (Noregs vassdrags- og energidirektorat)		X
Oljedirektoratet		X
Oljeskattekontoret	X	X
Patentstyret	X	X
Politiets datateneste		X
Politiets materiellteneste	X	X
Politiets overvakingsteneste	X	X
Politihogskolen		X
Post- og teletilsynet		X
Produkt- og elektrisitetstilsynet	X	
Produktregisteret	X	
RIFT (Rettsvesenets IT- og fagteneste)	X	X
Riksadvokaten	X	X
Riksantikvaren	X	X
Riksbibliotektenesta	X	X
Rikskonsertane	X	X
Riksteatret	X	X
Rikstrygdeverket	X	X
Riksutstillingar (frå 1999)		X
Rusmiddeldirektoratet	X	X
Sentralskattekontoret for storbedrifter	X	X
Sentralskattekontoret for utanlandssaker	X	X
Sjøfartsdirektoratet	X	X
Skattedirektoratet	X	X
Statens arbeidsmiljøinstitutt	X	X
Statens bibliotektilsyn	X	X
Statens bygningstekniske etat	X	X
Statens dyrehelsetilsyn		X
Statens fagteneste for landbruket	X	X
Statens filmtilsyn	X	X
Statens forureiningstilsyn		X
Statens forvaltningsteneste	X	
Statens helsetilsyn	X	X
Statens informasjonsteneste		X
Statens innkrevingsentral	X	X
Statens institutt for forbruksforskning	X	X
Statens institutt for folkehelse (frå 2000)	X	X
Statens jernbanetilsyn	X	X
Statens kartverk	X	X
Statens landbruksforvaltning (frå 2000)	X	X
Statens landbrukstilsyn	X	
Statens lækjemiddelkontroll	X	X
Statens lånekasse for utdanning	X	
Statens næringsmiddeltilsyn		X
Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter	X	X
Statens rettleiingskontor for oppfinnarar	X	X
Statens strålevern	X	X
Statens studiesenter for film	X	X

Statens tobakkskaderåd		x
Statens ungdoms- og adopsjonskontor	x	x
Statens veterinærlaboratorium	x	x
Statistisk sentralbyrå		x
Statleg spesialpedagogisk støttesystem (frå 2000)		x
Statsbygg	x	x
Statskonsult		x
Stiftinga Miljømerking i Noreg (frå 2000)	x	x
Toll- og avgiftsdirektoratet	x	x
Universitetet i Oslo	x	x
Universitetet i Tromsø		x
Utlendingsdirektoratet		x
Utrykningspolitiet	x	x
Vegdirektoratet	x	x
Vernepliktsverket	x	x
Veterinærinstituttet	x	

Merknader: x = har *ikkje* hatt 25 % nynorsk i denne kategorien noko år i tida 1997–2000. Dei statsorgana som ikkje har levert rapport, er òg tekne med i oversynet. Når eit statsorgan ikkje har levert rapport, er det rekna med at det ikkje har oppfylt krava i mållova. Når det gjeld statsorgan under Forsvarsdepartementet, er berre Forsvarets overkommando og Vernepliktsverket rekna med. Av kapasitetsgrunnar har tilsynet med dei andre organa under FD vore nedprioritert dei siste to åra.

#### 4.3 Målbruken ved universiteta og dei statlege høgskulane

##### Målbruken ved universiteta 1997–2000

Universitet	1997		1998		1999		2000	
	1--10 s.	Over 10 s.	1--10 s.	Over 10 s.	1--10 s.	Over 10 s.	1--10 s.	Over 10 s.
NTNU	9	9	11	5			7	13
Univ. i Bergen	72	32	87	29	83	27	38	33
Univ. i Oslo					8	10		
Univ. i Tromsø	4	15	12	16	32	16	8	12

*Prosent nynorsk i tilfang på 1–10 sider og over 10 sider ved universiteta 1997–2000*

##### Målbruken ved universiteta 1995–2000 (samla sum)

Universitet	Tal rapportar	1-10 sider				Over 10 sider		
		Sum	Nyn.	Begge	%	Sum	Nyn.	%
NTNU	4	2948	214	91	<b>9</b>	12248	1104	<b>9</b>
Univ. i Bergen	6	3166	1665	0	<b>53</b>	10349	3244	<b>31</b>
Univ. i Oslo	3	5307	262	152	<b>6</b>	19609	1772,5	<b>9</b>
Univ. i Tromsø	6	1284	114	15	<b>9</b>	7607	1010	<b>13</b>
<b>Sum</b>	<b>19</b>	<b>12705</b>	<b>2255</b>	<b>258</b>	<b>19</b>	<b>49813</b>	<b>7130,5</b>	<b>14</b>

Merknad: Under NTNU er òg rekna med det tidlegare Universitetet i Trondheim.

Det akademiske kollegiet ved Universitetet i Bergen vedtok 20. mars 1996 interne retningslinjer for målbruk, der føremålet var å stimulere til auka bruk av nynorsk. Etter retningslinjene skal minst 30 % av alt skriftleg materiale ved UiB vere på nynorsk.

Når det gjeld faste publikasjonar, skal minst 30 % av stoffet i "På Høyden", "UiB-magasinet" og Årbok for Bergen Museum vere på nynorsk. Årsmeldinga skal vere på nynorsk annakvart år, og minst 30 % av pressemeldingane skal vere på nynorsk.

Når det gjeld informasjonsmateriell elles, gjorde kollegiet vedtak om at undervisningskatalogen og brosjyren "Studietilbod ved Universitetet i Bergen" alltid skal vere på nynorsk, og at brosjyren "Orientering til nye studenter" og den interne telefonkatalogen alltid skal vere på bokmål. Når det gjeld målform i studiehandbøker, blir fakulteta stilte fritt. Målform i nye publikasjonar skal veljast ut frå ei totalvurdering av fordelinga mellom dei to målformene.

Kollegiet gjorde vidare vedtak om at stillingsannonser alltid skal vere på nynorsk, og at instansane står fritt når det gjeld val av målform på Internett.

Dei vedtekne retningslinjene har gjort at Universitetet i Bergen kvart år i tida 1997–2000 har oppfylt kravet om ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 % i "rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.". Det høge prosenttalet i kategorien 1–10 sider kjem av at alle stillingslysingar er på nynorsk.

Fordi dei andre universiteta i lengre tid hadde brote regelen i mållova § 8 første ledd, sende Norsk språkråd tidleg i januar 2000 brev til desse universiteta og bad dei etablere liknande ordningar som Universitetet i Bergen. Universitetet i Oslo v/ den assisterande universitetsdirektøren melde i brev 30. mars 2000 attende at universitetet ville setje i verk m.a. desse tiltaka (nokre av tiltaka kjem inn under andre reglar enn mållova § 8):

- 1 Gje ut parallelle utgåver av brosjyren "studietilbod/studietilbud", seinare språkløyve brosjyren for å sikre at stoffet også kjem på nynorsk i elektronisk utgåve.
- 2 Orienteringsheftet "Velkommen til Universitetet i Oslo", om lag 40 % nynorsk og 60 % bokmål.
- 3 Eksamensoppgåver på begge målformer.
- 4 Det sentrale søknadsskjemaet for opptak og rettleiing på begge målformer.
- 5 Studiekort og semesterkort på begge målformer.
- 6 Årsmeldinga på nynorsk kvart fjerde år.
- 7 Førelseskatalogen berre på nynorsk.
- 8 Adresse- og telefonlista med institusjonelle orienteringar berre på nynorsk.
- 9 Elektroniske sider som følgjer desse retningslinjene skal utviklast.
- 10 Arbeide inn metadata som kan registrere mengda av stoff på bokmål og nynorsk på dei elektroniske sidene.

Universitetet i Oslo skreiv samstundes: "Vi reknar med at heller ikkje dette vil vere tilstrekkeleg for å nå 25 %-regelen. Difor må vi utvikle ein kultur for å bruka meir nynorsk i det daglege arbeidet og gi dei tilsette større kompetanse gjennom opplæring i nynorsk. Dette er tiltak som vi skal sette i verk frå dags dato."

Etter det vi skjønner, er berre ein liten del av desse tiltaka til no er sette i verk ved Universitetet i Oslo. Når det gjeld førelseskatalogen, er informasjonen frå fakulteta og institutta – det vil

seie det aller meste av informasjonen – framleis som regel på bokmål. Norsk språkråd bad i brev 10. august 2000 universitetet syte for at heile førelesingskatalogen kom på nynorsk frå og med vårsemesteret 2001.

Når det gjeld NTNU, vart retningslinjer tekne opp i kollegiet 14. desember 2000. I vedtaket til kollegiet heiter det m.a. at det må vere eit mål at alle einingane ved NTNU sjølv set i verk dei tiltaka som trengst, at fleire tilsette bør få betre kompetanse i nynorsk gjennom tilbod om opplæring, og at det i faste publikasjonar kan vere ei løysing at somme faste kapittel regelmessig er på nynorsk. Det blir sagt at det trengst store endringar for å nå opp til 25 % nynorsk, at hovudsaka i første omgang må vere å følgje pålegget frå Språkrådet om å setje i verk tiltak, og at tiltaka deretter bør justerast ut frå den årlege rapporteringa.

Det heiter vidare: ”Universitetsdirektøren vil syte for at dei enkelte einingane følgjer opp tiltaka, og vil evaluere gjennom jamleg rapportering. For første året blir fakulteta, fagavdelingane, Vitskapsmuseet, Program for lærarutdanning og Universitetsbiblioteket i Trondheim bedne om å rapportere dei tiltaka som vert sette i verk innan 1. mai 2001. Dette gjeld både dei tiltaka som er ført opp på den oversikta som ligg ved dette skrivet og tiltak etter eige initiativ. OU-avdelinga vil utvikle eit kursopplegg for einingane for styrking av kompetansen i å nytte nynorsk i saksbehandling.”

I vedlegget til vedtaket er det lista opp ei rad tiltak og tidspunkt for gjennomføring av tiltaka. Mange tiltak går ut på at bestemte publikasjonar skal ha minst 25 % nynorsk, somme publikasjonar skal veksle målform frå eitt år til neste, og for somme publikasjonar er målforma valfrie.

Norsk språkråd har enno ikkje fått melding frå Universitetet i Tromsø om at dette universitetet har teke spørsmåla opp i dei øvste styringsorganet.

**Målbruken ved dei statlege høgskulane 1997–2000**

Høgskule	1997		1998		1999		2000	
	1--10 s.	Over 10 s.	1--10 s.	Over 10 s.	1--10 s.	Over 10 s.	1--10 s.	Over 10 s.
	%	%	%	%	%	%	%	%
Høgskolen i Agder					31	6	21	6
Høgskolen i Akershus					0	0	0	0
Høgskolen i Bergen	0	9	17	21	38	9	16	0
Høgskolen i Bodø					14	3	12	27
Høgskolen i Buskerud	14	0	13				0	3
Høgskolen i Finnm.	0	0					0	18
Høgskolen i Gjøvik								
Høgskolen i Harstad	0						33	
Høgskolen i Hedmark	13	0	1	0	4		1	0
Høgskolen i Lillehammer	0	1					8	35
Høgskolen i Molde	17	0			9	6		
Høgskolen i Nord-Trøndelag	57				10			
Høgskolen i Narvik	0		0		0		0	0
Høgskolen i Nesna	28	19	27	18	37	31	56	27
Høgskolen i Oslo	11	14	24	15			18	7
Høgskolen i Sogn og Fjordane					87	100		
Høgskolen i Stavanger			25	8	20	10	19	63
Høgskolen i Sør-Trøndelag	4	0			27	12	21	6
Høgskolen i Telemark	30	41	40	31	37	39	21	25
Høgskolen i Tromsø	1	30			2	8	5	5
Høgskolen i Vestfold	10	0	9		1	0	6	0
Høgskolen i Volda	97	99	89	98	90	99	64	88
Høgskolen i Østfold	0	0			0		7	1
Høgskolen Stord/Haugesund	52	56	45	44	52	38	71	29
Høgskolen i Ålesund							11	1
Sum	57	26	35	33	42	22	24	19

Merknad: Dersom ei celle er tom, vil det seie at høgskulen ikkje har levert rapport det året, eller at rapporten ikkje kunne tabellførast.

Gjennomsnittleg prosenttal nynorsk for høgskulane samla sett er misvisande fordi Høgskulen i Volda har rapportert svært mykje tilfang og har samstundes svært høg nynorskprosent. Ser ein bort frå Høgskulen i Volda, blir gjennomsnittleg prosenttal nynorsk slik for kategoriane tilfang på 1–10 sider og over 10 sider:

1997: 33 og 13  
 1998: 14 og 20  
 1999: 18 og 13  
 2000: 14 og 14.

Høgskolen Stord/Haugesund har hatt over 25 % nynorsk i begge kategoriane tilfang kvart år. Høgskolen i Telemark har oppfylt kravet i tre av åra, og Høgskolen i Nesna i to av åra.

Høgskulen i Volda har hatt mindre enn 25 % bokmål i begge kategoriar i alle fire åra. Høgskulen i Sogn og Fjordane har levert rapport berre eitt år, og hadde da mindre enn 25 % bokmål i begge kategoriane.

Høgskolen i Akershus har late vere å levere rapport eller har hatt 0 % nynorsk i begge kategoriane alle fire åra. Det same gjeld Høgskolen i Gjøvik og Høgskolen i Narvik.

Høgskolen i Harstad har hatt 0 % nynorsk eller late vere å levere rapport i tre av åra, det same har Høgskolen i Østfold og Høgskolen i Ålesund.

13 høgskular som har brote målbruksreglane grovt, har fått sakene oversende til Kulturdepartementet i 1999 og 2000, jf. punkt 3.4.



**Målbruken ved dei statlege høgskulane 1995–2000 (samla sum)**

Høgskule	Tal rapportar	1--10 sider				Over 10 sider		
		Sum	Nyn.	Begge	%	Sum	Nyn.	%
Høgskolen i Agder	4	1504	174	90	15	3146	221	7
Høgskolen i Akershus	3	79	0	0	0	642	0	0
Høgskolen i Bergen	6	425	91	0	21	3715	510	14
Høgskolen i Bodø	3	360	32	0	9	5789	795	14
Høgskolen i Buskerud	5	2279	249	0	11	1137	16	1
Høgskolen i Finnmark	2	154	0	0	0	262	10	4
Høgskolen i Gjøvik	0	0	0	0	0	0	0	0
Høgskolen i Harstad	4	134	16	0	12	143	0	0
Høgskolen i Hedmark	6	1180	53	593	30	3555	1	0
Høgskolen i Lillehammer	4	121	1	0	1	1505	103	7
Høgskolen i Molde	5	196	12	0	6	1358	22	2
Høgskolen i Nord-Trøndelag	4	363	47	93	26	0	0	0
Høgskolen i Narvik	6	247	0	0	0	179	0	0
Høgskolen i Nesna	6	307	92	3	30	1825	163	9
Høgskolen i Oslo	5	205	29	3	15	4019	403	10
Høgskolen i Sogn og Fjordane	1	156	135	0	87	76	76	100
Høgskolen i Stavanger	5	1792	317	121	21	3214	924	29
Høgskolen i Sør-Trøndelag	5	619	42	20	8	3456	84	2
Høgskolen i Telemark	6	352	111	0	32	9443	3109	33
Høgskolen i Tromsø	5	667	8	0	1	3212	469	15
Høgskolen i Vestfold	6	592	23	0	4	1375	0	0
Høgskolen i Volda	6	5226	4417	1	85	9364	8664	93
Høgskolen i Østfold	4	468	11	0	2	919	12	1
Høgskolen Stord/Haugesund	6	604	317	2	53	3831	1582	41
Høgskolen i Ålesund	2	227	20	0	9	830	2	0
Sum	109	18257	6197	926	36	62995	17165	27

Merknader: Rapport = rapport som kunne tabellførast. Gjennomsnittleg prosenttal nynorsk for høgskulane samla sett er misvisande fordi Høgskulen i Volda har rapportert svært mykje tilfang og har samstundes svært høg nynorskprosent. Når ein ser bort frå Høgskulen i Volda, blir gjennomsnittsprosenten for nynorsk 15 i kategorien for tilfang på 1–10 sider og 14 i kategorien for tilfang på over 10 sider.

**Høgskular utan tilfang på nynorsk 1995–2000**

År	Høgskular som leverte rapport	Høgskular utan tilfang på nynorsk
1995	21	10
1996	19	6
1997	18	4
1998	12	2
1999	17	2
2000	21	2

## 4.4 Målbruken i direktorat og større statsorgan

### Målbruken i ein del direktorat og større statsorgan 1997–2000

Statsorgan	Dept.	1997				1998			
		1--10 sider		Over 10 sider		1--10 sider		Over 10 sider	
		Sum	%	Sum	%	Sum	%	Sum	%
Arbeidsdirektoratet (Aetat)	AAD								
Konkurransetilsynet	AAD					66	0	276	0
Statens informasjonsteneste	AAD	30	35	386	1	19	42	1162	5
Statens pensjonskasse	AAD	48	10	102	16	41	2	115	3
Statsbygg	AAD	575	0	616	1	88	1	491	6
Statskonsult	AAD	190	9	3089	5	253	5	1851	0
Forbrukarrådet	BFD	127	13	3097	1				
Fiskeridirektoratet	FID	53	32	882	11	286	12	543	8
Kystdirektoratet	FID	54	0	488	0	172	4	106	0
Skattedirektoratet	FIN								
Statistisk sentralbyrå	FIN	255	10	19278	11	251	22	17821	13
Toll- og avgiftsdirektoratet	FIN	42	17	1566	0	436	1	1019	0
Dir. for siv. beredskap	JD	618	4	144	14				
Arbeidstilsynet	KRD	9	22	232	1	31	19	288	2
Dir. for brann- og eks.	KRD					45	7	78	0
Husbanken	KRD	27	15	115	35	70	18	281	0
Produkt- og el.tils.	KRD	15	13	111	5	25	18	217	24
Utlendingsdir.	KRD	109	10	45	0	104	6	329	0
Riksarkivet	KD	279	46	437	13	21	29	1027	7
Statens landbrukstilsyn	LD	54	14	16	0	80	3	83	0
Statens næringsm.tilsyn	LD	43	0	1263	0	21	0	425	0
Dir. for naturforvaltning	MD	72	25	2081	9	52	12	955	1
Riksantikvaren	MD	127	9	148	0	43	5	35	0
Statens forureiningstilsyn	MD					90	21	0	
Statens kartverk	MD								
Bergvesenet	NHD	8	25						
Justervesenet	NHD	14	18	71	0	15	27	12	0
NGU	NHD								
NVE	OED	712	14	702	4	3125	16	2241	2
Oljedirektoratet	OED	144	33	295	0	119	61	295	11
Patentstyret	NHD					47	0	72	0
Sjøfartsdirektoratet	NHD								
Jernbaneverket	SD					0		0	
Luftfartstilsynet	SD								
Luftfartsverket	SD	301	18	46	100	308	18	0	
Post- og teletilsynet	SD	19	5	158	0	107	23	78	0
Statens jernbanetilsyn	SD								
Vegdirektoratet	SD	174	6	675	13	185	3	1186	3
Rikstrygdeverket	SHD	43	0	4025	6	121	1	4070	4
Rusmiddeldirektoratet	SHD								
Statens helsetilsyn	SHD	127	7			146	21	0	
Statens helseundersøkingar	SHD	24	29	496	41	60	20	47	0
Statens inst. for folkehelse	SHD								
Statens lækjemiddelkontroll	SHD	32	0	268	2	80	6	440	2
Statens strålevern	SHD	25	10	264	0	29	14	390	5

NORAD	UD		
-------	----	--	--

Statsorgan	Dept.	1999				2000			
		1--10 sider		Over 10 sider		1--10 sider		Over 10 sider	
		Sum	%	Sum	%	Sum	%	Sum	%
Arbeidsdirektoratet (Aetat)	AAD	388	7	1352	11				
Konkurransetilsynet	AAD	51	16	94	9	39	8	107	0
Statens informasjonsteneste	AAD					14	32	335	3
Statens pensjonskasse	AAD	43	19	166	28	313	37	16	19
Statsbygg	AAD	34	0	492	5	3	0		
Statskonsult	AAD	214	26	0		203	21		
Forbrukarrådet	BFD					71	30	952	3
Fiskeridirektoratet	FID	132	34	647	11	168	44	958	12
Kystdirektoratet	FID	171	2	36	0	55	30	238	7
Skattedirektoratet	FIN					183	10	601	0
Statistisk sentralbyrå	FIN	843	13	17164	17	929	32	16605	9
Toll- og avgiftsdirektoratet	FIN	496	14	746	3	399	13	221	2
Dir. for siv. beredskap	JD	73	21	80	0	24	21	94	5
Arbeidstilsynet	KRD	30	28	168	8	28	34	244	16
Dir. for brann- og eks.	KRD	56	7	165	0	33	21	135	0
Husbanken	KRD	65	16	717	11	34	38	383	23
Produkt- og el.tils.	KRD	31	24	193	1	41	24	106	43
Utlendingsdir.	KRD	125	15	528	2	127	44	397	0
Riksarkivet	KD	15	23	83	28	9	22	140	24
Statens landbrukstilsyn	LD	55	17	0		30	13	68	29
Statens næringsm.tilsyn	LD	242	2	1355	0	537	37	473	10
Dir. for naturforvaltning	MD	48	25	2179	0	28	21		
Riksantikvaren	MD	70	1	466	0	42	7	192	0
Statens forureiningstilsyn	MD	71	27	0		71	15	1400	0
Statens kartverk	MD	65	17	85	0				
Bergvesenet	NHD	3	0	0					
Justervesenet	NHD	19	32	12	17	18	33	57	84
NGU	NHD								
NVE	OED	366	36	2100	6				
Oljedirektoratet	OED	102	63	398	15	69	62	339	12
Patentstyret	NHD	38	0	0		24	0	28	0
Sjøfartsdirektoratet	NHD								
Jernbaneverket	SD	168	1	379	4	193	0	800	0
Luftfartstilsynet	SD					90	18	0	
Luftfartsverket	SD	134	38	0		169	9	0	
Post- og teletilsynet	SD	29	38	96	0	30	0	202	6
Statens jernbanetilsyn	SD	3	0	0		10	0	21	0
Vegdirektoratet	SD	427	23	3347	3				
Rikstrygdeverket	SHD	118	8	1613	9	6	17	1408	10
Rusmiddeldirektoratet	SHD	37	14	1770	1				
Statens helsetilsyn	SHD	113	24	494	0	107	15	774	0
Statens helseundersøkingar	SHD	33	24	168	63	24	13	107	45
Statens inst. for folkehelse	SHD					78	3	0	
Statens lækjemiddelkontroll	SHD	38	12	73	1	41	10	975	1
Statens strålevern	SHD	30	3	9	0	44	0	14	7
NORAD	UD								

**Målbruken i ein del direktorat og større statsorgan 1995–2000 (samla sum)**

Statsorgan	Dept.	1995–2000						
		1--10 sider				Over 10 sider		
		Sum	Nyn.	Begge	%	Sum	Nyn.	%
Arbeidsdirektoratet (Aetat)	AAD	498	26	8	6	2528	559	22
Konkurransetilsynet	AAD	382	18	7	6	601	8	1
Statens informasjonsteneste	AAD	163	10	56	33	3308	210,5	6
Statens pensjonskasse	AAD	459	133	2	29	587	70	12
Statsbygg	AAD	1325	7	0	1	2891	189	7
Statskonsult	AAD	1252	192	0	15	8942	346	4
Forbrukarrådet	BFD	526	20	166	20	7020	170,5	2
Fiskeridirektoratet	FID	927	227	1	25	4094	416	10
Kystdirektoratet	FID	492	17	21	6	868	16	2
Skattedirektoratet	FIN	530	44	46	13	1010	85	8
Statistisk sentralbyrå	FIN	2685	506	0	19	104953	12371	12
Toll- og avgiftsdirektoratet	FIN	1723	130	9	8	4995	36	1
Dir. for siv. beredskap	JD	777	50	0	6	453	48	11
Arbeidstilsynet	KRD	129	22	14	22	1363	80	6
Dir. for brann- og eks.	KRD	179	15	0	8	708	0	0
Husbanken	KRD	451	39,5	14	10	2946	232,5	8
Produkt- og el.tils.	KRD	134	11	30	19	732	105	14
Utlendingsdir.	KRD	693	86	21	14	1871	86	5
Riksarkivet	KD	367	83	136	41	3852	1567	41
Statens landbrukstilsyn	LD	309	22	6	8	344	20	6
Statens næringsm.tilsyn	LD	917	203	1	22	4630	51	1
Dir. for naturforvaltning	MD	304	50	4	17	7989	491	6
Riksantikvaren	MD	345	20	17	8	873	0	0
Statens forureiningstilsyn	MD	453	62	0	14	3200	0	0
Statens kartverk	MD	161	16	0	10	709	0	0
Bergvesenet	NHD	15	0	4	13	217	0	0
Justervesenet	NHD	78	14	10	24	152	50	33
NGU	NHD	35	1	0	3	146	5	3
NVE	OED	5591	809	19	15	5043	197	4
Oljedirektoratet	OED	577	255	0	44	1692	134	8
Patentstyret	NHD	144	0	0	0	100	0	0
Sjøfartsdirektoratet	NHD	278	3	0	1	1745	9	1
Jernbaneverket	SD	361	2	0	1	1179	14	1
Luffartstilsynet	SD	90	16	0	18	0	0	
Luffartsverket	SD	1603	247	48	17	136	76	56
Post- og teletilsynet	SD	185	37	0	20	534	12	2
Statens jernbanetilsyn	SD	13	0	0	0	21	0	0
Vegdirektoratet	SD	1151	119	2	10	8938	228	3
Rikstrygdeverket	SHD	1073	18	78	5	14840	799	5
Rusmiddeldirektoratet	SHD	77	1	18	13	2856	44	2
Statens helsetilsyn	SHD	693	90	0	13	3559	25	1
Statens helseundersøkingar	SHD	224	40	7	19	950	276	29
Statens inst. for folkehelse	SHD	78	2,5	0		0	0	
Statens lækjemiddelkontroll	SHD	191	11	5	7	1756	24	1
Statens strålevern	SHD	173	7	3	5	1018	20	2
NORAD	UD	25	0	0	0	669	0	0

## 5 Nynorskkompetansen i statsorgana

Fullgod kompetanse i nynorsk er eitt av vilkåra for at statsorgana kan oppfylle dei krava som mållova stiller. Det følgjer av § 4 i mållova at tilsette som har skriftleg utforming som ein del av tenesta, pliktar å meistre begge målformer. Unntaksreglar er gjevne i § 2 i forskriftene.

Av førearbeida til lova går det fram at tilsette i embete eller statstenestepost der skriftleg utforming er ein del av tenesta, *ut frå mållova* ikkje pliktar å meistre begge målformer *ved tilsetjinga*. Men dersom den tilsette ikkje har gode nok kunnskapar i begge mål ved tilsetjinga, må vedkomande syte for å få nødvendig opplæring (jf. Ot.prp. nr. 52 (1978-89) s. 26).

I § 1 tredje ledd i forskriftene er det fastsett at kvart statsorgan har ansvaret for å syte for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig opplæring i bokmål og nynorsk.

Norsk språkråd sende i september 2000 ut eit spørjeskjema for å kartleggje nynorskkompetansen i sentrale statsorgan under departementsnivå. 124 statsorgan leverte svar som kunne tabellførast.

28 % av statsorgana meiner dei har utilstrekkeleg kompetanse i nynorsk. 6 % meiner dei har svært god kompetanse, 66 % at kompetansen er tilstrekkeleg. Dei statsorgana som svara, hadde til saman ca. 8300 saksbehandlarar eller tilsette med skriftleg utforming som ein del av tenesta. Ut frå svara frå statsorgana meistrar 40 % av saksbehandlarane begge målformer. I undersøkinga var ”tilstrekkeleg” og ”utilstrekkeleg” kompetanse ikkje definert. Det kan vere grunn til å spørje om dei statsorgana som svarar at dei har tilstrekkeleg kompetanse i nynorsk, eigentleg har det. Svært mange av desse statsorgana har langt mindre nynorsktilfang enn kva mållova krev.

274 tilsette har fått opplæring i nynorsk i åra 1997–2000. Tala har kvart år variert mellom 31 (2000) og 104 (1998). Gjennomsnitt for kvart år blir 69 tilsette. Opplæringsaktiviteten har vore størst i 1997 og 1998, da til saman 196 tilsette fekk opplæring. I 1999 og 2000 har berre 78 tilsette fått opplæring. I åra 1997–1999 var det kvart år mellom 15 og 18 statsorgan som sytte for at dei tilsette fekk opplæring i nynorsk. I 2000 gjekk talet ned til 8.

### Opplæring i nynorsk

År	Personar	Organ
1997	92	16
1998	104	18
1999	47	15
2000	31	8
<b>Sum</b>	<b>274</b>	<b>57</b>

Berre 5 statsorgan opplyser at dei har innarbeidd nynorskopplæring i verksemdsplan eller opplæringsplan.

Samanliknar vi med ei tilsvarande kartlegging som Norsk språkråd gjorde i 1994, er statsorgana si vurderinga av eigen kompetanse i nynorsk om lag som i 1994-kartlegginga, med ein liten framgang. Talet på tilsette som har fått opplæring i nynorsk, har auka sidan 1994 – frå i gjennomsnitt 33 til 69 per år. Men sett i lys av statsorgana si vurdering av eigen kompetanse i nynorsk, og i lys av data som tyder på at under halvparten av dei tilsette i statsorgana meistrar begge målformer, er tala svært låge.

## Vedlegg

### Målbruk i offentlig teneste 1997–2000. Statsorgan grupperte etter departement.

2000				1-10 sider					Over 10 sider				
	Institu sjonar	Svar	%	Over 25 %	Bok	Nyn	Begge	Sum	%	Over 25 %	Bok	Nyn	Sum
AAD	7	5	24,5	2	537	174	1	712	1,6	0	878	14	892
BFD	9	7	17,4	1	100	6	38	144	1,2	0	3475,5	42,5	3518
FD	35	7	0,0	0	3			3	0,0	0	30		30
FID	3	3	37,7	3	180	105	21	306	11,3	0	2027	258	2285
FIN	7	5	24,1	1	1158	366	3	1527	8,2	0	15996	1431	17427
JD	13	12	23,0	4	229	58	30	317	3,0	1	422	13	435
KRD	10	9	33,8	3	175	81	34	290	13,1	1	1318	199	1517
KD	21	20	22,2	8	1641	447	19	2107	14,5	5	5836	990	6826
KUF	65	37	22,2	8	5545	1457	351	7353	19,1	11	22870,5	5391	28261,5
LD	12	9	26,4	2	752	270	3	1025	17,8	3	5146	1117	6263
MD	7	6	15,5	2	129	22	4	155	0,0	0	1602		1602
OED/ NHD	11	6	39,8	3	99	65	2	166	22,7	2	398	117	515
SD	7	5	6,3	0	457	27	8	492	1,2	0	1011	12	1023
SHD	15	12	14,9	2	572,5	96,5	10	679	10,4	2	4370	506	4876
UD	1	1	0,0		51			51	0,0		540		540
<b>Sum</b>	<b>223</b>	<b>144</b>	<b>22,4</b>	<b>39</b>	<b>11598</b>	<b>3170</b>	<b>483</b>	<b>15250</b>	<b>13,5</b>	<b>25</b>	<b>64474</b>	<b>10039</b>	<b>74513</b>

1999				1-10 sider					Over 10 sider				
	Institu sjonar	Svar	%	Over 25 %	Bok	Nyn	Begge	Sum	%	Over 25 %	Bok	Nyn	Sum
AAD	7	6	18,4	2	1053	237	2	1292	7,9	1	2772	239	3011
BFD	7	6	3,0	0	80	2	1	83	10,9	1	2078	253	2331
FD	36	6	6,8	0	711	33	40	784	0,6	0	1798	11	1809
FID	3	3	17,6	2	295	63		358	12,4	0	1226	174	1400
FIN	6	3	13,2	0	1175	179	1	1355	16,4	0	14968	2942	17910
JD	13	12	17,5	4	268	46	28	342	7,9	2	579	50	629
KRD	10	9	15,3	1	269,5	41,5	18	329	3,3	0	3107	106,5	3213
KD	21	17	15,5	8	481	83	12	576	14,2	3	4570	753,5	5324
KUF	65	33	26,0	12	5066	1754	88	6908	16,0	10	27352	5214	32566
LD	12	10	17,0	2	506	102	5	613	13,2	1	6766	1028	7794
MD	7	7	16,2	3	227	44	0	271	1,2	1	2745	33	2778
OED/ NHD	11	7	37,2	4	356	210	4	570	8,0	1	2400	209	2609
SD	5	5	21,6	2	589	157	15	761	2,7	0	3720	102	3822
SHD	13	12	33,3	1	1383	678	46	2107	17,1	3	5912	1219	7131
UD	1	0											0
<b>Sum</b>	<b>217</b>	<b>136</b>	<b>23,0</b>	<b>41</b>	<b>12460</b>	<b>3630</b>	<b>260</b>	<b>16349</b>	<b>13,4</b>	<b>23</b>	<b>79992</b>	<b>12334</b>	<b>92326</b>

1998				1-10 sider					Over 10 sider				
	Institu- sjonar	Svar	%	Over 25 %	Bok	Nyn	Begge	Sum	%	Over 25 %	Bok	Nyn	Sum
AAD	7	6	4,8	1	589	23	14	626	2,0	0	4821	98	4919
BFD	7	3	11,5	1	23	3	0	26	0,6	0	3874	23	3897
FD	37	6	6,2	1	2097	138		2235	2,4	0	2089	52	2141
FID	4	2	8,7	0	418	40		458	6,6	0	606	43	649
FIN	6	2	9,1	0	624	62	1	687	12,7	0	16447	2393	18840
JD	13	7	31,8	5	104	41	28	173	30,1	2	228	98	326
KRD	10	9	11,8	1	250	29	10	289	3,2	0	3338	112	3450
KD	22	13	29,0	4	1152	424	159	1735	7,4	2	3819	303	4122
KUF	65	25	32,3	10	3169	1456	204	4828	25,5	9	10790	3692	14482
LD	13	6	30,7	2	258	114	2	374	21,8	1	4008	1118	5126
MD	8	5	11,3	0	213	27	0	240	0,9	0	1430	13	1443
OED/ NHD	11	7	18,1	4	2747	601	16	3364	3,0	0	2633	82	2715
SD	5	3	14,0	0	511	79	10	600	2,4	0	1234	30	1264
SHD	13	10	16,1	2	493	89	13	595	8,0	1	5871	512	6383
UD	1	0						0					0
<b>Sum</b>	<b>222</b>	<b>104</b>	<b>19,3</b>	<b>31</b>	<b>12648</b>	<b>3126</b>	<b>457</b>	<b>16230</b>	<b>12,3</b>	<b>15</b>	<b>61188</b>	<b>8569</b>	<b>69757</b>

1997		1-10 s.							Over 10 s.				
	institu- sjonar	Svar	Pst.	Over 25%	Bok	Nyn	Beg	Sum	Pst.	Over 25%	Bok	Nyn	Sum
AAD		5	4,2	1	882	28	22	932	3,8	0	4739	185	4924
BFD		4	10,1	0	152	17		169	0,5	0	8993	48	9041
FD		4	7,5	0	522	20	49	591	3,2	1	1119	37	1156
FID		3	30,3	2	166	72	0	238	9,3	0	2204	226	2430
FIN		2	10,8	0	263	30	4	297	10,2	0	18724	2120	20844
JD		9	7,9	3	821	68	6	895	3,9	0	659	27	686
KRD		8	9,8	0	172	16	6	194	6,9	2	1172	87	1259
KD		11	36,5	5	230	103	136	469	23,5	3	1896	581	2477
KUF		35	41,3	10	3971	2077	677	5844	19,8	7	23288	5765	29053
LD		8	16,3	0	264	49	6	319	10,7	1	4481	537	5018
MD		4	14,9	1	172	30	0	202	8,1	0	2 062	182	2244
OED/ NHD		6	17,7	4	724	155	5	889	2,3	0	1122	27	1149
SD		4	12,9	0	506	71	10	587	14,8	1	786	137	923
SHD		10	13,4	2	346	49	11	406	13,0	2	7247	1082	8329
UD		0		0				0		0			0
<b>Sum</b>	<b>197</b>	<b>113</b>	<b>27,0</b>	<b>28</b>	<b>9191</b>	<b>2785</b>	<b>932</b>	<b>12032</b>	<b>12,3</b>	<b>17</b>	<b>78492</b>	<b>11041</b>	<b>89533</b>

## Vedlegg

### **Lov om målbruk i offentleg teneste – rutinar for sentrale statsorgan**

For å sikre at mållovsreglane blir følgde, må statsorgana etablere enkle og konkrete rutinar.

Sentrale statsorgan under departementsnivå fekk pålegg om å etablere rutinar i brev frå Norsk språkråd 27. januar 1997. Det vart mint om pålegget i nytt brev 25. januar 1998, vidare i brev 3. juni 1999. Det har seinare vore mint jamleg om etablering og skjerpning av rutinar i samband med utsending av rapportskjema og tilbakemelding på målbruksrapportane.

I rådgjevinga legg Norsk språkråd dette til grunn:

1 I store institusjonar som har avdelingar, må kvar avdeling ha ansvar for å oppfylle krava i mållova. Dersom kvar avdeling ikkje har eit sjølvstendig ansvar for å syte for veksling mellom målformene, blir ansvaret pulverisert.

2 Den øvste leiinga for institusjonen har likevel ansvar for at institusjonen som heilskap følgjer reglane.

3 Reglane bør vere enkle. Statsorgan som brukar mest bokmål, kan t.d. ha ein regel om at tredje kvar pressemelding skal vere på nynorsk, og tilsvarande reglar for rundskriv, lysingar, brosjyrar og andre tekstar. Somme statsorgan har slike reglar i dag. (Vi ser her bort frå eventuelt tilfang med særleg tilknytning til eit geografisk avgrensa område, der det gjeld eigne reglar.)

4 Praktiseringa av reglane må følgjast opp. Statsorganet må følgje utviklinga i løpet av året og gjere opp status kvart halvår, slik at veikskapar kan rettast opp før året er omme. I dei nye rapportskjemaa, som vart tekne i bruk frå og med rapportåret 1997, skal status både for 1. og 2. halvår førast opp.

5 Institusjonar som har informasjonsplanar, bør innarbeide veksling mellom målformene i planen. Institusjonar som har opplæringsplanar, bør etter behov innarbeide opplæring i nynorsk i planen.

Vi viser særleg til pkt. 3 om veksling mellom bokmål og nynorsk i rundskriv, lysingar, brosjyrar o.l.

(Teksten byggjer brev frå Norsk språkråd 27. januar 1997.)